



Lom



Skjåk

«MottakerNavn»
«Kontakt»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»

Vår ref
2025/452-11

Dykkar ref
«Ref»

Saksbehandler
Therese Moe Øye


Dato
07.08.2025

Melding om oppstart av planarbeid for Lågkollen nærings- og industriområde - med planprogram for konsekvensutgreiing

Lom kommune varslar med dette oppstart av områderegulering for Lågkollen nærings- og industriområde (planid. 34340014), i medhald av plan- og bygningslova § 12-2.

Formannskapet i Lom vedtok 10.06.2025 (PS 2025/38) å starte opp arbeidet med regulering av Lågkollen nærings- og industriområde. Føremålet med reguleringsplanen er å etablere nytt nærings- og industriområde med tilhørende infrastruktur. Det er per i dag ikkje att ledige næringstomter i eksisterande industrifelt i Prestøya/Gjeisarøya/Skjæsarøya.

Planområdet er lokalisert i Vårdalen i Garmo i Lom kommune, om lag 8 km aust om Fossbergom.



Figur 1: Lokalisering av reguleringsplanområdet ved Lågkollen.

Postadresse:
Sognefjellsvegen 6
2686 LOM

Besøksadresse:
Sognefjellsvegen 6

Org.nr: 959377677
Heimeside: www.lom.kommune.no
E-post: postmottak@lom.kommune.no

Telefon: 61217300
Bankkonto: 20850700010

Planstatus

Kommuneplanens arealdel vart vedteke i 2022 (planid. 5140073) og vil vere førande for arbeidet.

Det finnst ein tilgrensande reguleringsplan og eit tilgrensande reguleringsplanarbeid.


Reguleringsplanen "Kryss med Meadalsvegen ved Graffer" (2012) med planid. 05140060 overlappar dels med området for denne planen. Denne reguleringsplanen vil dels bli avløyst og innarbeidd i vegvesenets nye plan for riksveg 15 nemnt under.

Statens vegvesen arbeider med å utarbeide detaljreguleringsplan (planid. 34340005) for utbetring av riksveg 15 på strekninga frå Graffer til Fossbergom (Lom sentrum). Det vil venteleg bli lagt fram ei planforslag til høyring hausten 2025. Planen vil omfatte strekninga av riksvegen som grenser inntil planområdet for næringsområdet ved Lågkollen i sør og overlappar dels planområdet for planen for næringsområdet ved Lågkollen.

Planområdet

Planområdet er på om lag 253 daa. Dette rommar både areal som er lagt som nærings- og industriområde i kommuneplanens arealdel (195 daa) samt areal som per i dag ligg som LNFR-område i kommuneplanen (58 daa). I planen ligg det også inne areal for anlegg av ny tilkomstveg opp i området frå Riksveg 15.

Etableringa av nærings- og industriområde skal skje i området som er avsett til formålet i kommuneplanen, og er slik i tråd med overordna plan. Areal med LNFR-formål som er innlemma i planområdet er først og fremst tenkt regulert for å kunne etablere naudsynt infrastruktur som vatn og avløp knytt til nærings- og industriområdet.



Figur 2: Utsnitt av kommuneplanens arealdel for området ved Lågkollen vedteken i 2022. Næringsområdet er vist med BN01 med lys fiolett farge og BN03_f med mørk fiolett farge.

Konsekvensutgreiing (KU) og planprogram

Det vart i samband med revisjon av kommuneplanens arealdel (2022) gjennomført ei konsekvensutgreiing for området, på eit overordna nivå. Krav om ytterlegare KU vert likevel utløyst av dette reguleringsplanarbeidet, på fleire grunnlag.

Utbygging av eit næringsområde ved Lågkollen, vil medføre at areal som i dag i hovudsak er skogareal, blir beslaglagt og for store deler nedbygd. Det vert i dag drive aktivt skogbruk i området. Ein mindre del er inngjerda og disponert til pelsdyrfarm. Arealet blir også nytta til friluftsliv og rekreasjon – i hovudsak av lokalbefolkninga.

«Forskrift om Konsekvensutgreiing» stiller prosess- og dokumentasjonskrav til planer som kan ha vesentlege verknadar i forhold til miljø eller samfunn.

Det er å vente at ei framtidig utbygging vil medføre at næringsbyggnad innanfor området vil overskride 15 000 m², noko som også utløyser krav til KU med planprogram, jamfør forskrift om konsekvensutgreiing § 6 Vedlegg I punkt 24. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med arbeidet, prosessen med fristar, deltakarar og opplegg for medverknad, og då i sær i høve grupper som ein ventar vil bli særleg råka.

Det er også aktuelt å vurdere ny helikopterlandingsplass, då den eksisterande landingsplassen i Fossbergom ikkje møter behova til mellom anna redningstenesta. Ein slik skal vurderast konsekvensutgreidd dersom dei kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, jamfør same forskrift § 6 vedlegg II punkt 10 d). Ein vurderer at ei potensiell etablering av ein ny helikopterlandingsplass, vil forsterke behovet for ei konsekvensutgreiing ytterlegare.

Risiko og sårbarheit (ROS)

ROS-analysen skal kartlegge og forebygge uønskte hendingar i planområdet og nærliggande område. Det skal bli vurdert både om området kan være utsett for uønskte hendingar og om tiltak i planen kan medføre uønskte hendingar. Det vil vere tenleg å sjå ROS-analysen i samanheng med kva som skal bli behandla i konsekvensutgreiingane eller som skal bli vurderte etter noko enklare metode. For tema som det ikkje er påkravd å konsekvensutgreie, kan det vere tenleg å vurdere om behandlinga i hovudsak skal skje i planomtalen eller i ROS-analysen.

Det er gjort ei innleiande vurdering av tema knytt til fare og uønskte hendingar knytt til planen. Tema ein vurderer bør bli handsama nærare i ROS er ekstremnedbør og overvatn, skog-/lyngbrann, brann/eksplosjon, kjemikalieutslepp og anna forureining, støy og støv, vassforsyning/drikkevasskjelder, trafikkavvikling og fare for trafikkulukker og sløkkevatn for brannvesenet. For meir detaljar, sjå vedlagde planprogram.

Planprosess fram til no og i det vidare

Planområdet omfattar delar av eigedomane GID 14/2, 15/1, 15/8, 16/3, 16/13, 26/1, 26/1/1, 26/2, 26/3, 26/4, 26/5 og 26/6, alle i Lom kommune. Ein har i forkant av oppstart med planarbeidet gjennomført møte med grunneigarar på eigedomane som planarbeidet røyver ved.

I dei komande månadane vil feltregistreringar finne stad, og ein vil samle informasjon for å styrke kunnskapsgrunnlaget som skal ligge til grunn for planframlegg. Arbeidet med planframlegg vil halde fram parallelt med feltregistreringar utetter hausten 2025. Ein tek sikte på 1. gongs politisk handsaming før årsskifte, og endeleg handsaming innan sommaren 2026. For detaljert framdriftsplan, sjå planprogram kap. 5.2.

Avvik frå framdriftsplanen kan førekome, grunna tilhøve som kjem fram gjennom planprosessen. Framdriftsplanen er difor å sjå som rettleiande.

Innspel og informasjon

Det er høve til å kome med innspel. Desse kan ein sende anten per brev til Lom kommune, Sognefjellsvegen 6, 2686 Lom – eller på e-post: post@lom.kommune.no.

Frist for innspel er sett til 28.09.2025.

Innspel og merknader frå råka får ikkje eigne svarbrev, men blir kommentert og vurdert av kommunen og blir del av det samla planmaterialet ved behandling av plansaka.

Oppstartsvarsel med vedlegg er lagt ut i papirversjon på servicetorget og hjå biblioteket til gjennomsyn. Ein finn også varselbrev med vedlegg på kommunens heimeside www.lom.kommune.no.

Spørsmål om reguleringsplanarbeidet, kan rettast til:

Øyvind Pedersen, tlf. 47 33 36 78, e-post: oyvind.pedersen@lom.kommune.no eller

Therese Moe Øye, tlf. 94 49 87 88, e-post therese.moe.oye@lom.kommune.no

Brevet er elektronisk og vert sendt utan signatur

Med helsing

Therese Moe Øye

Plan, byggesak og miljø

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll oppstart Lågkollen
- 2 Planprogram Lågkollen
- 3 Adresseliste